

Forskarsprint: Kvifor blir frø oppbevart i aluminiumposar?

Hender som holder metalliske poser som inneholder frø som lagres i Frøhvelvet på Svalbard

Posar med frø. Foto: Svalbard globale frøhvelv

Tidsramme: 1-2 skuletimar

Rom: Klasserommet eller andre stader

Utstyr: Testbitar av ulikt materiale, som til dømes plast, papir, tre, tekstil og aluminiumsfolie. Vatn, lys og andre faktorar som materiaala blir påverka av.

Les teksten om Frøhvelvet på Svalbard. Alle frøa blir oppbevarte i posar av aluminiumsfolie.

1 Dette lurer vi på

Problemstilling: Kvifor har forskarane valt å bruke aluminiumposar til frøa?

2 Lag hypotesar

Kva trur de er grunnen til at dette materialet er valt og ikkje eit anna materiale? Start hypotesane med "Eg trur dei har valt å bruke aluminiumposar fordi..."

Hypotese 1:

Hypotese 2:

Hypotese 3:

3 Legg ein plan

No skal de teste hypotesane. Lag fem like store testbitar av ulikt materiale, slik som til dømes plast, papir, tre, tekstil og aluminiumsfolie. Legg ein plan for korleis de kan undersøkje korleis testbitane blir påverka eller blir endra av til dømes vatn, temperatur, tettleik og lys. Ikkje start med testinga før planen er heilt klar!

4 Test hypotesane

Set opp kva undersøkingar de vil teste ut på dei fem ulike materiala og gjer forsøk. Skriv notat og ta bilete av det de gjør.

5 Drøft og samanfatt

Kva har de funne ut med forsøka? Stemmer nokre av hypotesane, stemmer dei litt, eller stemmer dei ikkje i det heile?

6 Del med andre

Fortel nokon heime eller på skulen om det de har funne ut om aluminiumposane.

Send gjerne bilet til oss i Nysgjerrigper av forsøka de har gjort nys@forskningsradet.no

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.